Bergen, 30. oktober 2026

Høyringsfråsegn til Regional plan for areal og mobilitet og handlingsprogram

Næringsalliansen Vestland takkar for høvet til å gje innspel til Regional plan for areal og mobilitet og Handlingsprogram for Regional plan for areal og mobilitet. Dette er vår fråsegn til dei to høyringsdokumenta.

Regionplanen må forenkle, ikkje komplisere
Plansystemet i Noreg er uoversiktleg og krevjande å halde seg til. I botnen ligg eit ønskje om å ivareta viktige omsyn og gode intensjonar. På vegen har ein likevel mista oversikta over alle planar, strategiar, føresegner og retningslinjer ein må halde seg til i planprosessar. Konsekvensane er mellom anna unødvendig lange prosessar og auka kostnader, noko som igjen driv bustad- og leigeprisane opp på kritisk høge nivå. Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å forenkle plan- og byggjesaksreglane med sikte på å auke bustadproduksjonen i Noreg.

15. september i fjor fekk mellom anna fylkeskommunen brevet «Felles innsats for økt boligbygging» frå kommunal- og distriktsministeren. Her presiserte statsråden følgjande:
«Alle gode intensjoner kan ikke sikres gjennom en plan. Detaljnivået må være tilpasset plannivået.»
Dette er ei god rettesnor - også for fylkeskommunen - når regionale planar skal utarbeidast.

Erkjenninga av at arealplanlegging har blitt for kompleks og krevjande, er mellom anna lagd til grunn i Bergen kommune sin revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Her har eit tilnærma samrøystes bystyre vedteke dette:

«Hovedmålet med revisjon av KPA-bestemmelsene er forenkling, fortgang og forutsigbarhet i plan- og byggesaksprosesser, for å sikre gode boliger og nabolag.»

Tilsvarande omsyn kan med fordel takast inn i planverket til Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen har ikkje råd til å gjere oppgåver han ikkje skal gjere
Vidare er det viktig at ulike delar av den offentlege forvaltninga ikkje lagar planar og reglar for område som andre offentlege aktørar har ansvar for. Fylkeskommunen må vere lojal mot kva plan- og bygningslova opnar for å handtere gjennom regional plan.

I planen blir det understreka at fylkeskommunen står overfor store investeringsbehov innan «veg, gang- og sykkelveg, kollektivtrafikk, energi, klimatilpassing og omlegging til fossilfrie alternativ», kombinert med at «offentlege budsjettrammer vert trongare» og at «Det krev store investeringar og tydeleg prioritering av midlane.»
Difor er det paradoksalt at ein i regionplanen og handlingsprogrammet legg opp til å ta på seg større ansvar og fleire oppgåver utover dei fylkeskommunen har etter plan- og bygningslova, medrekna bistands- og rettleiingsplikta.

Ein må medverke til at planen løyser utfordringane i dag og ikkje skaper nye
I april publiserte Høgskulen på Vestlandet rapporten *Undersøkelse av tidsbruk i private detaljreguleringsplanprosesser i Bergen* (HVL-rapport nr. 3 2026). Her blir det peika på at ei av årsakene til lang tidsbruk er at det er vanskeleg å få møte med motsegnsstyremakter, og at ein ikkje får konstruktive svar.

Her kan vi vise til at Bergen kommune, i arbeidet med den overordna arealplanen sin, har sett som mål at den nye planen skal løyse utfordringar ein møter i byutviklinga, og at planen skal medverke til meir effektive planprosessar.
Dette kan vere til inspirasjon også for Vestland fylkeskommune, ved at planane deira også bør innehalde mål og tiltak for korleis ein skal betre sakshandsaminga og det regionale forvaltingsnivået si deltaking i planprosessar.

Ein plan for å hindre vekst
Slik planen framstår, er avgrensingane på folketalsvekst og næringsutvikling vesentleg tydelegare enn målsetnaden om å leggje til rette for attraktivitet, folketalsvekst og næringsutvikling.
Dette er ikkje i tråd med målsetnadane i andre fylkeskommunale vedtak eller i punkt 1.2 «Føremål» i planprogrammet:

«Regional plan for areal og mobilitet skal fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland. Utbygging til ulike føremål må bli samordna med infrastruktur for transport, kommunikasjon, energi og tenester, og leggje grunnlaget for ei berekraftig, attraktiv og konkurransedyktig utvikling i heile fylket.»

Dette er ikkje vidareført som eit gjennomgåande omsyn, korkje i planprogrammet eller i planen. Konkurransekraft burde vore eit gjennomgåande tema for å sikre utvikling i heile fylket.

I det eksisterande dokumentet er det grunn til å spørje *kva* ein meiner ein skal vere konkurransedyktig på. Vi har lese det som at det skal vere gode rammevilkår for busetnad og næringsutvikling, men har problem med å finne dette igjen i planen.
Det verkar òg som om analysar på dette området manglar i planarbeidet. Her er det inga vurdering eller samanlikning av mobilitet og samferdsleinfrastruktur eller av krafttilgang og redundans, heller ikkje av kostnadsulempene for næringslivet på Vestlandet som følgje av manglande infrastruktur.

Vi gjer primært framlegg om ein revisjon for å få desse perspektiva inn i planen. Som eit minimum bør ein målsetnad om attraktivitet, folketalsauke og vekst i næringslivet takast inn som ei overordna målformulering i tillegg til det som står der i dag.

Vi foreslår følgjande formulering:
«Regional plan for areal og mobilitet har som målsetjing å leggje til rette for auka attraktivitet, befolkningsvekst og næringsvekst i heile fylket, og bidra til auka konkurransekraft for industrien vår.»

Næringsalliansen vil til sist understreke at vi støttar prioriteringa av hovudtransportnettet, betre framkomst for tungtransport og sterkare regionale kollektivsamband. Me viser til tidlegare innspel om fylkesvegstandard og Fjordmetroen og etterlyser konkret oppfølging av desse i handlingsprogrammet. Betre bereevne på fylkesvegane og auka bruk av sjøbasert persontransport kan redusera transportulemper, knyte arbeidsmarknadene tettare saman, og slik sett auke konkurransekrafta og regional utvikling.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.